

Når kommuneøkonomien sviktar, står velferda i fare

Årsmøtet i FO Vestland uttrykker sterk uro over den alvorlege økonomiske situasjonen i norske kommunar. Kommuneøkonomien er no på sitt svakaste nivå på fleire tiår. Dette er ikkje eit uventa økonomisk uvêr, men resultatet av politiske val som over tid har svekka grunnlaget for velferdstenester, tryggleik og sosial berekraft. Regjeringa har ansvaret for at økonomien i Kommune-Noreg står i fare for å kollapse, konsekvensane er synlege i alle delar av velferdsstaten.

Regjeringa sitt «løft» løyser ikkje situasjonen

Regjeringa peikar på auka frie inntekter som eit «løft», men for kommunane er dette langt frå nok. Kommunane møter ein kvardag prega av kutt, nedbemanning og utsette investeringar. KS har slått fast at rammeauken ikkje dekkjer dei reelle behova. Ei rekkje kommunar står allereie under statleg kontroll eller er på veg inn i økonomisk risikosone, og stadig fleire vil kunne hamne der dersom utviklinga held fram.

Når kommunar legg ned fritidsklubbar, utekontakt, ungdomsarbeid, førebyggjande tenester og tilbod til eldre og sårbare grupper, er det ikkje fordi tenestene er unødvendige, men fordi økonomien ikkje strekk til sjølv for lovpålagte oppgåver. Dette rammer særleg dei som treng velferdsstaten mest.

Høg gjeld og renteauke pressar kommunane

Kommunesektoren sit på ei svært omfattande gjeld. Renteaukane dei siste åra har teke store summar rett ut av driftsbudsjetta, midlar som kunne finansiert sosialarbeidarar, lærarar, sjukepleiarar og andre heilt nødvendige fagfolk. Renteauke fungerer i praksis som store kutt i tenestene. Utydelege signal frå regjeringa om mogelege rentekutt har svekt dei økonomiske rammevilkåra ytterlegare.

Nedbemanning og rekrutteringskrise

Kommunane har effektivisert i mange år, og no er grensa nådd. KS si budsjettundersøking viser at mange kommunar anten må halde lønsutgiftene heilt i ro eller redusere dei. Ei betydeleg gruppe kommunar planlegg reelle nedskjeringar i lønsbudsjettet, og svært mange legg opp til ei lønsvekst som ligg markant under den nasjonale utviklinga. Når lønsbudsjetta ikkje følgjer kostnadsveksten, betyr det i praksis færre stillingar og eit svekka tenestetilbod.

Samtidig slit ein stor del av kommunane med å rekruttere kvalifiserte fagfolk som sosialarbeidarar, lærarar og sjukepleiarar. Mangelen på kompetanse rammar innbyggjarane direkte - dette er ikkje ein framtidig risiko, men ein realitet allereie no.

Kutt i førebygging er dårleg politikk

Mange kommunar planlegg endringar i skule - og barnehagestruktur, kuttar i tenester til barn og unge og reduserer tilbod til eldre. Kutt i førebyggjande arbeid fører til større og dyrare problem på sikt. FO sine fagfolk veit at tidleg innsats reduserer risiko for utanforskap, psykisk uhelse, vald, rusproblem og akutte behov. Å kutte i førebygging for å spare pengar er dårleg økonomi - kostnaden kjem tilbake, og oftast høgare.

Svekka velferd svekkar samfunnsberedskapen

2026 er Totalforsvarsåret, og kommunane er grunnmuren i samfunnsberedskapen. Eit sterkt totalforsvar krev sterke kommunar - ikkje kommunar som må kutte i barnevern, NAV, helse og omsorg og tenester for sårbare grupper. Tryggleik og beredskap blir bygde gjennom stabile velferdstenester i kvardagen. Når velferda smuldrar, smuldrar også beredskapen.

Regjeringa må snu – no

Kommunane ber ikkje om luksus, men om finansiering av dei lovpålagte oppgåvene dei er sette til å utføre. Dersom kommuneøkonomien ikkje vert styrka, vil fleire barn falle utanfor, fleire eldre stå utan nødvendig hjelp, og fleire fagfolk vil forlate tenestene. Velferdsstaten vil ikkje lenger tryggje alle.

Årsmøtet i FO Vestland oppmodar regjeringa til å setje velferd først. Vi kan ikkje kutte oss ut av ei krise som er skapt av underfinansiering. Innbyggjarane treng barnehagar, skular og helse- og omsorgstenester, uansett kor stram økonomien er. Om regjeringa ikkje snur, vil konsekvensane prege både 2026 og åra framover - og true grunnlaget for den norske velferdsstaten.